

Doktor Haugen slik du minnest han 34.

01.01.2015



Den kjappe distriktslegen.**Dr. Haugen er ein sentral person for oss med barndom og oppvekst på 1950 og 1960 talet. Sjølv minnest eg særleg to hendingar.**

Det kunne vera kring 1960. Arne Myklebust fekk ny lastebil i 1957. Ein dag gjekk eg til mjølkerampen på Mykebust, spurte om eg kunne få vera med på turen til Seimsfoss. Det var ikkje nei i den snille sjåføren sin munn. Spanna vart lempa av og sett på eit transportband. Spanna gjekk fulle inn, vart vegde, tømde og kom tomme ut i den andre enden. Eg rota meg opp på rampen, fekk ubalanse, tok meg i eit tomt spann, fall ned på plassen, fekk spannet over meg og fekk eit djupt kutt i panna.

Driftsleiar Jon Gjertsen ringde til Dr. Haugen. Han kom kjapt, var litt irritert, la meg i passasjeretsetet i mjølkebil og sydde tre sting, sjølv sagt utan bedøving.

« Ja, nå må det bli slutt på at du drar på disse guttene, Arne Myklebust», sa legen, pakka kofferten og borte var han.

Ei veke etter møtte eg på kontoret hans på lemen hos Bjarne og Fredsy Myklebust for å ta stinga.

Langt meir alvorleg var det då syster mi, Eli, velta på sykkelen, og fekk styret inn i magen. Far vår var heime frå sjøen og skjøna fort at dette var kritisk. Han ringde Dr. Haugen. I høg fart kom den blå Mercedesen på dalen og inn på tunet. Etter ei kjapp undersøking var det kort prosess. Han rekvirerte sjøfly frå Bergen, la pasienten bak i bilen og køyrte til kaien på Beinavikjo.

Far vår var med i flyet, og straks gjekk turen til Haukeland sjukehus og operasjon. Det var brest i levera, og utan Dr. Haugen sin kunnskap og raske avgjerd der og då, ville truleg livet hennar ikkje vore berga.

Dette var tidleg på 1960 talet og truleg ein av dei fyrste gongene det vart brukt fly i sjuketransport i Uskedalen.

Tekst: Kristian O. Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003